



Landbruk  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/7155 - 22/83366

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
02.11.2022

## **Søknad om dispensasjon og arealoverføring til uttale - gbnr 110/2 Syslak**

Tiltak: Søknad om dispensasjon og arealoverføring  
Byggjestad: Gbnr 110/2  
Tiltakshavar: Atle Herfinn Syslak og Norvald Syslak  
Ansvarleg sækjar: Harris Advokatfirma AS

Saka gjeld søknad om arealoverføring av naustetomt frå gbnr 110/2 til gbnr 110/19. Naustetomta er ein heil teig. Det er same eigarar på begge eigedomane som er registrert som ein landbrukseigedom i Landbruksregisteret. Tomta er oppgjeven til å vera omlag 120 m<sup>2</sup>.

I arkivsak 22/4505 vart det den 12.07.2022 gjeve avslag etter jordlova § 12 på søknad om frådelling av den same naustetomta. Søknad om deling etter plan- og bygningslova vart etter dette trekt. Saka gjaldt då frådelling av tomta til eigen eigedom som skulle eigast av brørne Syslak.

### **Planstatus**

Arealet er uregulert og sett av til LNF formål i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, planid: 1263-200810.


Arealet ligg innanfor byggje- og deleforbodet langs sjø etter pbl. § 1-8. Delar av tomta ligg innanfor bandleggingsone H\_740, høgspenningsanlegg.

### **VURDERING**

#### **Dispensasjon**

Det er søkt om dispensasjon frå dele – og byggeforbodet i strandsona, pbl § 1-8. Og frå arealformålet i kommunedelplanen.

Arealoverføring skal i utgangspunktet nyttast for overføring av areal mellom tilgrensande eigedomar. Det er opna for at kommunen kan gjere unntak frå dette i visse tilfelle.



Sjå vedlagt dispensasjonssøknad datert 27.09.2022 for grunngjeving for at det skal gjevast dispensasjon.

Elles vert det vist til arkivsak 22/2421 og 22/4505 for søknad om frådelling av same tomt.

**Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Situasjonsplan  
Følgelbrev\_arealoverføring  
Bilag\_4\_Søknad\_om\_dispensasjon  
Jordskiftedom 18.02.1987  
Kart av tilleggsareal tilhørende bnr. 2

**Mottakarar:**

Landbruk

Postboks 4

5906

FREKHAUG